



Frode Nygård (Frp) medverka til at landsmøtedelegatane i Frp sa nei til bompengefinansiering. Foto: Sigbjørn Linga

## Frp-landsmøtet: Tala bompengar midt imot

Frp seier nei til bruk av bompengar i rassikringsprosjekt.

Sigbjørn Linga  
linga@hf.no

— Å betala over 200 kroner for å sleppa å få stein i hovudet, er hårreisande. Bokstavleg tala.

Med mellom anna desse orda argumenterte varaordførar Frode Nygård i Kvam på landsmøtet til Frp i helga, eit møte som fekk mest mediemerksemd på grunn av leiarbyttet.

Landsmøtet vedtok eit framlegg til resolusjon om temaet frå Vestland Frp. I denne tek partiet avstand frå bompengefinansiering av ras- og trafikksik-

ringsprosjekt.

— Me skal ikkje betala for å sleppa å få stein i hovudet. Me skal ikkje betala bompengar for å ferdast trygt langs vegane våre. Finansiering med bompengar på desse områda er grovt urettferdig, heiter det i resolusjonen.

Nygård trekte fram Tokagelet som døme. Her legg fylkeskommunen opp til delvis bompengefinansiering av eit rassikringsprosjekt som er kostnadsrekna til om lag 2,2 milliardar kroner. I tillegg styrer fylkeskommunen mot bompengar i fleire andre vegprosjekt dei neste åra.

— Dette er ikkje ei bøn om gul stripe, midtdelar eller to felt på sykkelvegen. Det er ei bøn om at me alle skal ha ein trygg kvar-

dag, få borna våre heim att i live, kunna reisa på arbeid utan frykt for rashendingar på vegen me ferdast på — kort og greitt ha eit trygt nærmiljø, sa Nygård til utsendingane.

Han meiner tida er inne for eit oppgjær med bompengane, og tok til orde for auka statlege rammer for rassikring.

— Trygge og sikre vegar kan ikkje vera avhengige av betalingssevna i lokalsamfunna. Dette er ei statleg oppgåve, sa Nygård.

Partiet minner i resolusjonen om koronakrisa og viser til at prosjekt kan framskundast og sikra sysselsetjing, men meiner bompengefinansiering ikkje er den rette løysinga.



Frå venstre: Kunstnarane Brynhild Grødeland Winther, Tom Kosmo, Kristina D. Aas og Karina Presttun var til stades. Foto: Ragnhild Økland Børven

## — Det er sterk utst

Laurdag opna Vestlandsutstillingen i Kabuso. Verk av 16 kunstnarar med tilknytning til Vestlandet stiller ut den neste månaden.

Ragnhild Økland Børven  
borven@hf.no

Vestlandsutstillingen skal syna samtidskunst som held høg kvalitet og speglar den vestlandske

kunstscena mot resten av landet. Utstillinga vert arrangert årleg. Alle kunstnarane som stiller ut, skal ha tilknytning til Vestlandet. Vestlandsutstillingen strekkjer seg frå Ålesund til Stavanger.

Avdelingsleiar i Kunsthuset Kabuso, Sissel Lillebostad, takka dei frammøtte, kuratoren og kunstnarane spesielt under opninga.

— Me skal aldri gløyma at det er kunstnarane som legg mest arbeid i kvar utstilling, sa Lillebostad.

Også utstillingsleiar i Vest-

## Ingen tok til kai-motmæle

— For at industriområdet skal verta ein suksess, må ein ha tilkome til sjøen.

Sigbjørn Linga  
linga@hf.no

Det sa Ottar Randa (H) då miljø-, plan- og bygningsutvalet 4. mai drøfta reguleringsplanen for industriområdet ved Skarpen. Han fekk støtte av resten av utvalet, som samrøystes tilrådde å senda planen — med areal til kai og veg til kaien — ut på høyring.

Overordna styresmakter har stilt seg skeptiske til kaien, medan aktørar som ynskjer å flytta verksemd til Skarpen, har gjort kaien til ein føresetnad for å flytta. Even Øyri (Ap) meiner kaien er framtidsretta av di han vil bidra til å få trafikk, støv og støv bort frå Øystese sentrum.

Planframlegget førte ikkje til stor debatt, utover nokre spørsmål om mellom anna støv, bruk


av matjord, planeringshøgde og konflikt med bustader. Fleire understreka at høyringa vil avdekkja kva folk er opptekne av i saka.

Randa ville vita kvifor planen er offentleg, i og med at Kvam herad ikkje har eigarinteresser i området. Det inneber at ålmenta betalar for reguleringsarbeidet, som ABO Plan & Arkitektur AS utfører for heradet.

Leiar for samfunn, kultur og næring, Jon Nedkvitne, sa at det var eit ynske om å fylgja opp arealdelen av kommuneplanen, sidan heradet såg at det var manko på næringsområde. Inn-til vidare er prosjektet offentleg, men ein lyt sjå etter kvart korleis det endar, sa han.


Nedkvitne reknar med at planen vil lata seg kombinera med ein eventuell tunnel forbi Skarpasvingen. Geir Madsen (SV) tok opp temaet.

5. mai vedtok formannskapet samrøystes å leggja planen ut til offentleg ettersyn.



Ei hol eik må unngåast når ein skal byggja veg til sjøen i Oddesvik.

Foto: Sigbjørn Linga



Det var godt oppmøte på opninga av Vestlandsutstillingen i Kabuso laurdag.



Frå opninga laurdag. Her ser me utstillingssalen.

Foto: Ragnhild Økland Børven



Verk laga av Brynhild Grødeland Winther.

Foto: Ragnhild Økland Børven

# Ei visuelt stilling

landsutstillingen, Anneli Belsvik Aras, fekk ordet. Ho la vekt på at det er ei visuelt sterk utstilling. Ho er glad berre for at Vestlandsutstillingen får lov til å opna.

— Pandemien har råka oss meir i år enn i fjor. Det er utruleg kjekt at me får lov til å opna her, sa Aras.

## Trongt nålauga

Mange kunstnarar ynskte å stilla ut. I år fekk kurator Heidi Bjørgan tilsendt over 300 søknader med til saman rundt 1.000 verk eller prosjekt. 16 kunstnarar vart

til slutt plukka ut, og utstillinga inneheld til saman 29 verk.

— I år er det godt etablerte kunstnarar som stiller ut. Nivået er høgt, seier Karen Noer Kors-sjøen.

Ho er formidlingsleiar i Kunsthuset Kabuso og nestleiar for Vestlandsutstillingen.

— Utstillinga er prega av kunsthandverk. Det er teikning, tekstil, keramik, glas og tre, for å nemna noko. Det er mangfald i materialbruken, og den er skikkeleg, skikkeleg fin, seier Korssjøen.

I prosessen med å velja ut har

Bjørgan vore oppteken av å finna verk som kan setjast i scene slik at utstillinga får ei underfundig og sær stemning, lik den me finn i ein David Lynch-film, ifylgje det i eit presseskriv frå Vestlandsutstillingen.

Nokre av stikkorda Bjørgan tenkjer at besøkjande kan ha med seg i møtet med kunstverka, er disiplin, forskning, grotesk, kontroll, sensuelt, sorg og uperfekt. Under det uperfekte kan det gøy-ma seg noko vakkert og rørande, på same måte som det under ei perfekt overflate kan lura både

død og elende.

## Digitalt handverk

Kristina Aas og Karina Presttun har to verk saman i utstillinga. Begge er tekstilkunstnarar og jobbar med tekstil på ulike måtar. I tidlegare prosjekt har dei arbeidd meir kvar for seg. No har dei sete i same rom. Aas arbeider i hovudsak med jacquardvev. Då er det lite rom for tilfeldigheter. Alt er nøyaktig planlagt. Slik er det ikkje når dei jobbar saman.

— I desse prosessane har me ingen visuell idé om korleis det skal enda. Det skjer mange endringar undervegs. Til slutt ser me at det er noko interessant som skjer, og me blir einige om at det er slik me vil ha det, seier Aas.

Verka som er utstilte, oppstod i 2020 og var resultatet av nokre mislukka prøver som Presttun hadde laga av tekstil med leire og latex.

## Reddhare

Også foajeen i Kabuso er teken i bruk. Ein av kunstnarane, Bryn-

hild Grødeland Winther, har fått dekkja ein heil vegg med kunsten sin. Teikningane på veggen høyrer i utgangspunktet ikkje med til Vestlandsutstillingen, men vart trekt inn i utstillinga på éin dags varsel. Winther heiv seg rundt.

Kunsten er teken ut frå ein utstillingsserie som Winther har jobba med sidan 2018. Ho har blant anna prøvd å opna metaforar som reddhare og harelabbar. To større teikningar er utstilte i kunstsalen. Nye detaljar vil du finna kvar gong du ser dei.

Vestlandsutstillingen er å finna i Kunsthuset Kabuso til og med søndag 6. juni. Kunstnarane som stiller ut er Kristina Aas og Karina Presttun, Kristin Austreid, Æsa Bjørk, Helene Førde, Mona Orstad Hansen, Tina Jonsbu, Tom Kosmo, Gabriel Johann Kvendseth, Cato Løland, Irene Nordli, Tovelise Røkke-Olsen, John K. Raustein, Siri Ekker Svendsen, Kristin Tårnesvik og Brynhild Grødeland Winther.



Foto: Ragnhild Økland Børven



Vestlandsutstillingen feirar 100 år til neste år og er den eldste landsdelsutstillinga i Noreg.

Foto: Ragnhild Økland Børven